



**Luster kommune**

# Framlegg

1. gongs handsaming

# Planstrategi 2016 – 2020

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1. INNLEIING - PLANPROSESSEN</b>                          | <b>3</b>  |
| <b>2. OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR</b>          | <b>6</b>  |
| <b>3. NASJONALE FORVENTINGAR OG REGIONALE FØRINGAR</b>       | <b>8</b>  |
| <b>4. PLANSTATUS OG PLANEVALUERING</b>                       | <b>10</b> |
| <b>5. KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 – 2020 – LUSTER KOMMUNE</b> | <b>15</b> |
| <b>Vedlegg – oversikt fagplanar</b>                          | <b>17</b> |

## 1. INNLEIING - PLANPROSESSEN

Dei ulike nivå i overordna kommunalt planarbeid frå planstrategi til handlingsprogram.

### 1.1 *Planstrategi = "rett plan til rett tid"*

Planstrategi er kommunen sin "plan" for kommuneplanarbeidet i komande 4-års periode. Kommunal planstrategi er eit hjelpemiddel for kommunen til å fastlegga det vidare planarbeidet.

#### Føremål:

- Setja fokus på dei planoppgåvene kommunen bør starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei positiv utvikling
- Gjera greie for utviklingstrekk og utfordringar knytt til samfunnsutvikling og miljø
- Vurdera planbehovet – inkludert tenestemåla sine planbehov
- Vurdera prioriterte planoppgåver og behovet for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
- Drøfta hovudtrekka i ein langsiktig arealstrategi (prinsipp for romleg utvikling) både for å sikra samordning, utbygging og vern av område
- Gje ei tydeleg retning for ein ynskt samfunnsutvikling
- Drøfta ulike strategiar for å forma samfunnet og møta framtida sine utfordringar

#### Prosess:

- Kommunen har plikt til å utarbeida ein planstrategi minst ein gong i kvar valperiode
- Gjev det nye kommunestyret muligheter til å vurdera og ta stilling til kva planoppgåver som er viktige å arbeida med i kommunestyreperioden
- Kommunen bør leggja opp til brei medverknad og ålmenn drøfting som grunnlag for handsaminga
- Det er plikt til å henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar.
- Framlegget skal gjerast kjend minst 30 dagar før kommunestyret si handsaming
- Skal vedtakast seinast innan eitt år etter kommunestyret si konstituering.

Den einskilde kommune fastset kor omfattande og detaljert planstrategien skal være. Omfang og detaljeringsgrad skal ikkje være meir omfattande enn det som er turvande for å ta stilling til om gjeldande kommuneplan framleis skal gjelda utan endringar, eller om kommunen skal revidera den heilt eller delvis.

### 1.2 *Kommuneplanmelding*

Luster kommune starta arbeidet med Planstrategi ved å utarbeida ei kommuneplanmelding i 2015. Dette vart gjort ved at Kommunestyret 2011-2015 evaluerte gjeldande kommuneplan i K-sak 56/15, gjennom å gje råd til noverande kommunestyre om kva ein bør vektlegga i kommuneplanarbeidet i inneverande periode:

## Råd for Planstrategi

### 1. Kommuneplanmelding 2015

Kommunestyret tek status for kommuneplanarbeidet 2015 til orientering.

### 2. Råd for Planstrategi

Med bakgrunn i gjeldande kommuneplan, erfaringar og oppsummering, og nasjonale føringar for kommuneplanarbeidet, rår kommunestyret 2011 – 15 at nytt kommunestyre i arbeid med planstrategi legg fylgjande til grunn:

- Samfunnsdelen: Struktur og oppbygging av gjeldande samfunnsdel bør vidareførast.
- Arealdelen: Struktur i gjeldande arealdel bør vidareførast
- Tematiske kommunedelplanar: «Kommunedelplan for folkehelse» bør trekkast ut av planstrategi.

Viktige tema i Planstrategien bør vera:

- Bustadareal
- Næringsareal
- Risiko og Sårbarheit (ROS)

Det vert lagt opp til ei samordning av planstrategi med Sogn og Fjordane Fylkeskommune og dei andre sognekommunane (dette punktet går ut då fylkeskommunen ikkje går vidare med denne saka).

### 1.3 Planprogram

For kommuneplanen skal det utarbeidast planprogram som skal gjera greie for planarbeidet, planprosessen, og opplegget for medverknad. Planprogrammet skal fastsetjast av kommunestyret.

### 1.4 Kommuneplan – samfunnsdelen

Kommuneplanen skal vera kommunen sitt overordna styringsdokument, og skal gje rammer for verksemda sine planar og tiltak, og planar for bruk og vern av areal i kommunen.

### 1.5 Kommuneplan arealdelen – juridisk bindande

Arealdelen er plan for arealbruk i heile kommunen. Planen skal fastsetja hovudtrekka i arealdisponering og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk.

### 1.6 Reguleringsplanar

Reguleringsplan er ein detaljert plan for eit avgrensa område og skal visa framtidig grunnutnytting i området. Til plankartet er det knytt eit sett av reguleringsføresegner. Planen er eit juridisk bindande dokument og skal vera heimla i arealdelen.

### 1.7 Kommunedelplanar – tematiske

Kommunedelplan er ein plan for bestemte område, tema eller sektorar i kommunen. Kommunedelplanar skal fylgja prosessar i PLBL kap 11.

### 1.8 Fagplanar / Handlingsplanar

Fagplanar / handlingsplanar er dokument som einskilde einingar/sectorar i kommunen treng for sitt arbeidsområde. Dette er planar som ikkje fylgjer krav til prosess i PLBL kap 11, og er ikkje tema i Planstrategien.

Dokument med utgangspunkt i kommuneplanen, som vert rullert årleg:

*1.9 Økonomiplan*


Dette er ein plan for økonomien i kommunen og har ein tidshorisont på fire budsjettår. Økonomiplanen vert rullert kvart år.

*1.10 Planleggingsprogram*

Planleggingsprogrammet er eit 4-årig program for planarbeidet i kommunen. Det har same horisont og blir rullert på same måte som økonomiplanen. Frå og med budsjettåret 2006 har planleggingsprogrammet vore ein del av dokumenta som blir lagde fram for kommunestyret saman med økonomiplan og årsbudsjett.

*1.11 Handlingsprogram*

Kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdelen og kommunedelplanane skal fylgjast opp gjennom ein handlingsdel. Handlingsdelen er fireårig og skal rullerast årleg. Handlingsdelen og kommunen sin økonomiplan skal vera integrerte dokument for Luster.



Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet

## 2. OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

### 2.1 Folketalsutvikling

Frå 2007 – 2014 har det vore jamn vekst i folketalet i Luster. Etter nokre år med positiv folketalsutvikling så er det i 2015 ein mindre nedgang frå grunna negativ flyttebalanse. Endringar i nasjonal økonomi kan gje utslag på folketalsutviklinga framover, men det er forventa auke i talet på busette flyktningar i åra framover.

*“Indre sentralisering”*: Luster kommune legg vekt på gode tilbod i alle delar av kommunen. Likevel er det ei utviklinga der folketalet aukar i Gaupne og på Hafslo og har nedgang i dei andre krinsane. Gaupne og Hafslo har også størst del av den yngre befolkninga. Ei slik fordeling av befolkninga gjer at det vil vera behov for ulike typar offentlege tenester i dei ulike delane av kommunen i åra framover som barnehage/skule og eldreomsorg. Ei ”ny” ”eldrebølgja” vil fyrst slå inn i 2025-2030.

### 2.2 Offentleg økonomi

Den vedtekte budsjet og økonomiplanen for perioden 2016 – 2019 må salderast mot bruk av kommunen sitt disposisjonsfond, men på eit lågare nivå enn i førre planperiode. Hovudutfordringa

for den kommunale økonomien er fortsatt å iverksetja tiltak som sikrar eit godt tenestnivå samstundes som inntekter og utgifter skal balansere over tid. Det relative inntektsnivået til kommunen er blitt lågare dei siste åra grunna lågare kraftinntekter. Det er ikkje forventa at desse inntektene vil ta seg oppatt dei næraste åra, og kommunen må fortsetja å tilpassa utgiftsnivået til eit lågare inntektsnivå.

For at kommunen ikkje skal bite opp for mykje av sine framtidige driftsutgifter til avdrag og renter, er det viktig at den langsiktige lånegjelda vert stabilisert. Dette vil ein ikkje klare dei næraste tre åra. Dersom det ikkje dukkar opp nye investeringstiltak utover de som ligg i investeringsplanen for perioden, vil ein kunne oppnå nemnde mål i 2019.

### 2.3 Næring og sysselsetjing

Landbruket har tradisjonelt vore viktigaste næringsvegen i Luster. Nedgangen i tal sysselsette i landbruket som ein ser i heile landet, finn ein også i Luster. På mange bruk står ein overfor eit generasjonsskifte og korleis dette vil slå ut for næringa samla, er uvisst. Ei utfordring for landbruket i kommunen med mange små bruk, er å finna driftsopplegg som gjer det økonomisk interessant å driva vidare med dagens rammevilkår, som i større grad enn tidlegare tilgodeser større bruk. Nedgangen i landbruket påverkar også i stor grad folketalsutviklinga i grendene i kommunen.

Det er ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene i kommunen. Dei to største industriverksemdene i kommunen har no internasjonalt eigarskap. Innafor vasskraft er det mange, både større og mindre utbyggingar som er til konsesjonshandsaming. Kraftutbygging vil dei kommande 10-15 åra vere ein aktivitet der bygg og anleggssektoren vil kunne vinne oppdrag. Reiselivet har synt stor investeringsinteresse dei siste åra, og aktiviteten i næringa er god. Det er ei interessant utvikling at personar med kapital har valt å satse betydeleg i reiselivet i Luster. Bygg og anlegg er framleis ei stor næring i Luster, fleire av selskapa har kompetanse til å stå ansvarleg for store prosjekt og har marknad i heile sogneområdet. Privat tenesteyting inkludert handelsnæringa held posisjonen sin.

Luster har mange innbyggjarar som arbeider i nabokommunane; særleg Sogndal og Leikanger der det er eit høgt tal på kompetansearbeidsplassar. Utviklinga av den regionale arbeidsmarknaden er viktig for Luster.

### 2.4 Folkehelse

Luster kommune har utarbeidd «Folkehelseoversikt – 2016 – 2020». Dokumentet er lagt til grunn for arbeidet med planstrategi jfr PLFB §§ 7-1 og 10-1.

Folkehelseoversikta har desse hovudtema:

- Befolkningsamansetnad
- Oppvekst og levekår
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skader og ulykker
- Helerelatert åtferd
- Helsetilstand

Målsetjingane i dokumentet skal vektleggast i kommunalt planarbeid.

### 2.5 Integrering og busetjing

Det kan forventast auke i talet på busette flyktningar i åra framover. Desse omfattar familiar, einslege og mindreårige med ulik bakgrunn. Kommunen vil få utvida oppgåver knytt til busetjing og integrering. Sentrale oppgåver for å lukkast med arbeidet er:

- god kunnskap om det norske språket og samfunnet
- utdanning og arbeid
- bustad
- god integrering i lokalsamfunnet

### 2.6 Naturmangfald, miljø og berekraftig utvikling

Dei største miljøutfordringane er knytt til klimaendringar, overforbruk av naturressursar og tap av biologisk mangfald. Stor auke i folketalet i verden fører til at me treng meir energi, meir transport og auka press på areala. Miljøutfordringane krev innsats og omstilling både hjå einskildindividua og hjå samfunnet generelt. Ny teknologi kan ikkje aleine løysa utfordringane knytt til klimaendringane. Område som samfunnsutvikling, teknologiutvikling og forbrukarmønster grip inn i kvarandre og må løysast i samanheng. Lokalt har både kommunen som organisasjon og lokalsamfunn ansvar for å gripa fatt i desse utfordringane.

### 2.7 Beredskap - Risiko og Sårbarheit

Det er høge krav til kommunane på planar for å kartleggja risiko og sårbarheit og korleis uynskte situasjonar skal handterast. Luster kommune har siste åra arbeidd med å fylgja opp dei nasjonale føringane gjennom desse dokumenta:

Overordna ROS-analyse omfattar heile kommunen si overordna verksemd og mogelege uynskte hendingar som kan skje innafør kommunen sitt geografiske område

Kommunen skal kartleggja mogelege hendingar, vurdere sannsyn for at dei kan skje og korleis dei i såfall kan påverka kommunen. Resultatet av arbeidet er vurdert og samanstillt i ein heilskapleg ROS-analyse i 2014.

Overordna beredskapsplan er ein overordna og koordinerande plan for samfunnsikkerheit og beredskapsarbeid i Luster kommune. Planen omtalar korleis kommunen si leing skal organisera seg i kritesituasjonar og korleis kommunen skal leia og handtera kritesituasjonar. Overordna plan skal gje føringar til underliggjande delplanar og einingar sine egne beredskapsplanar. På denne måten skal planen hjelpa til med å sikra forsvarleg handtering av kommunen sitt ansvarsområde ved ein kritesituasjon.

Kommunane skal ved overordna arealplanlegging gjera ei særskild vurdering for risiko og sårbarheit for alle nye utbyggingsområde. Det er også gjennomført ei omfattande kartlegging av skredfarlige område i kommunen (NVE-2015)

## 3. NASJONALE FORVENTINGAR OG REGIONALE FØRINGAR

Nasjonale og regionale planar og retningslinjer/politikkdokument skal leggjast til grunn for planarbeidet i kommunane.



### 3.1 *Lover og nasjonale retningslinjer for kommunalt planarbeid:*

- Plan- og Bygningslova av 2008
- Naturmangfaldslova av 2009
- Folkehelselova av 2011
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. 25.3.2011
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. (T-5/93)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T-5/95)

### 3.2 *Nasjonale forventingar til kommunal planlegging jfr PLBL §6*

Med bakgrunn i endringane i PLBL i 2008 kom det inn reglar om at det kvart fjerde år skal utarbeidast eit forventingsdokument med nasjonale forventingar til både kommunal og regional planlegging. Dokumentet (T-1497), som er ein del at det formelle plansystemet, kom ut i 2011. Det vert forventa at kommunane fylgjer opp den politikken som vert formidla gjennom forventingane som har følgjande hovudtrekk (2015):

- Fylkeskommunane og kommunane fastset regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekka i transportsystemet, medrekna knutepunkt for kollektivtrafikken. Gjennom planlegginga trekkjer ein langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for egne vedtak.
- Den regionale og kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samanhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet. Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet. Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samanhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.
- Kommunane legg prinsippa om tilgjenge og universell utforming til grunn i planlegging av omgavnader og bygningar.

### 3.3 *Regionale føringar*

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har følgjande overordna planar som er vedtekne eller under utarbeiding som gjev føringar for kommunen sitt planarbeid.

- Fylkesdelplan for arealbruk – under revidering
- Fylkesdelplan for klima og miljø, 2009
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015–2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017
- Regional plan for Ottadalsområde (villrein - høyring 2015)
- Regional transportplan - analyse- og utfordringsdokument 2014 - 2023
- Regional transportplan – handlingsprogram 2014 - 2023
- Regional plan for vasskraft - 2012
- Verdiskapingsplan 2014 - 2025
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Regionalt Bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013 – 2016 (Fylkesmannen)
- Arealforvaltning og klimatiltak i landbruket i Sogn og Fjordane 2011

## 4. PLANSTATUS OG PLANEVALUERING

### 4.1 Samfunnsdelen

Luster kommune sin gjeldande kommuneplan – samfunnsdelen vart vedteken 20.06.2013 i K-sak 48/13 og arealdelen 05.03.2015 i K-sak 13/15. I tillegg har kommunen ei rekkje tematiske kommunedelplanar.

Kommuneplanen vart evaluert i K-sak 38/11 og dåverande kommunestyre sitt råd til det noverande kommunestyret var at samfunnsdelen vert revidert innafor rammene av strukturen som er i gjeldande plan. I tillegg skal også nye nasjonale føringar jfr endringar i lovverket innarbeidast i planen. Følgjande tema vert "Fokusområde" i samfunnsdelen:

| Luster – ein god stad å bu – «gode tenester og tilbod for innbyggjarar og tilflyttarar» |   |
|---|---|
| Utviklingstrekk   | Folketalet har vore gradvis aukande sia 2008. Luster har eit godt og breitt tilbod til innbyggjarane i alle delar av kommunen innan viktige oppgåver som oppvekst, omsorg, kultur og fritid. Det offentlege og kommunesektoren har gradvis fått fleire oppgåver innan omsorg av born og eldre. Luster kommune skal vektleggja arbeidet med å utvikla og leggja til rette for ein effektiv tenesteproduksjon innafor dei viktigaste velferdsoppgåvene slik at Luster framleis vert ein attraktiv kommune å bu i. Endringar i landbruket fører til endra busetjingsstruktur og utviklinga i verdssamfunnet fører til auka migrasjon og nye innbyggjarar med ein annan kulturbakgrunn. Dette viser at både lokale og internasjonale forhold påverkar butilhøva i kommunen. |
| Utfordringar  | Oppretthalda folketalet som grunnlag for gode tenester og tilbod til innbyggjarane. Mange av tenestetilboda må jamleg tilpassast endringane i befolkningsstrukturen i kommunen og utviklinga elles i samfunnet.   |
| Strategiar:   | → Me skal leggja til rette for ei god bustadutvikling<br>→ Me skal leggja til rette for at folk trivest med å bu i Luster<br>→ Me skal leggja til rette for gode kommunale tilbod/tenester for innbyggjarane<br>→ Me skal ha fokus på miljøstrategiar som grunnlag for å skapa eit godt framtidssamfunn i Luster  |

|           |  |
|-----------|--|
| Planbehov | <p>Samfunnsdelen har stort fokus på kvalitetar ved å bu i Luster. I tillegg har dei fleste kommunedelplanane tema som også fokuserer på viktige bukvalitetar. Det er viktig at desse vert revidert. Samfunnsdelen må i tillegg vektleggja miljøutfordringar som er knytt til klimaendringar, overforbruk av naturressursar og tap av biologisk mangfald. Område som samfunnsutvikling, teknologiutvikling og forbrukarmønster grip inn i kvarandre og må løysast i samanheng. Lokalt har både kommunen som organisasjon og lokalsamfunn ansvar for å gripa fatt i desse utfordringane for å skapa eit godt framtidssamfunn i Luster. Det er ikkje behov for nye kommunedelplanar innan dette temaet.</p> |
|-----------|--|

### Luster – ein god stad for bedrifter

|                 |   |
|-----------------|---|
| Utviklingstrekk | <p>Nedgangen i landbruket er generell påverkar i stor grad folketalsutviklinga i grendene. Det er likevel verdt å merka seg at det store fråfallet i tal aktive bruk første åra etter tusenårsskiftet, har flata ut dei siste åra. Utviklinga er svakast innanfor mjølkeproduksjon, der både tal brukarar og tal dyr har gått mykje ned. Sauehaldet er på veg oppatt, både tal brukarar og tal dyr. Bær-arealet i kommunen har vore noko lunde stabilt siste åra, men arealet er samla på færre dyrkarar enn tidlegare. Omlegging av bringebærproduksjon til konsumbær har ført til at verdiskapinga har auka.</p> <p>Det er ei positiv utvikling i fleire av industriverksemdene i kommunen med relativt betydeleg satsing på større utviklingsprosjekt. Innafor vasskraft er det mange, både større og mindre utbyggingar som er under arbeid og til konsesjonshandsaming. Reiselivet har synt stor investeringsinteresse dei siste åra, marknaden er veksande og aktiviteten i næringa er god. Bygg og anlegg er framleis ei stor næring i Luster, fleire av selskapa har kompetanse til å stå ansvarleg for store prosjekt og har marknad i heile sogneområdet. Privat tenesteyting inkludert handelsnæringa held posisjonen sin, men har utfordringar.</p> <p>Den regionale arbeidsmarknaden med m.a. mange offentlege kompetansearbeidsplassar i nabokommunane, er viktig for Luster.</p> |
| Utfordringar    | <p>Luster sine utfordringar innafor "næring og sysselsetjing" dei kommande åra vil vere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• få ein ny ung generasjon inn i landbruket</li> <li>• motivera for større driftseiningar innan husdyrnæringa</li> <li>• auke innteninga/utvikle sesongane i reiselivet</li> <li>• skape vidareutvikling innan industriverksemdene i kommunen</li> <li>• utvikle Luster som ein attraktiv plass å busette seg, ha tomtar tilgjengeleg, få tome gradsbruk ut på sal og auke talet på bustader som kan leigast</li> </ul>   |
| Strategiar:     | <ul style="list-style-type: none"> <li>• me skal tilby gode rammevilkår for etablering og vidareutvikling av verksemdar og vidareutvikling av verksemdar for både næringsområde og finansiering</li> <li>• me skal vera aktive for vidareutvikling av landbruket</li> <li>• me skal leggja til rette for ein infrastruktur som gjev gode vilkår for verksemdar og for busetnad i kommunen</li> </ul>  |
| Planbehov       | <p>Det er ikkje gjeldande kommunedelplanar innan næringsutvikling. Utfordringar knytt til næringane vert teke opp som tema i samfunnsdelen. Næringsutvikling vert og handsama i årsbudsjett, økonomiplanen. Dokumentet «<i>Grunnlaget for handsaming av næringsaker i Luster kommune</i>» vert årleg handsama i kommunestyret. På det kommunaltekniske området er det fleire kommunedelplanar som bør vidareførast gjennom revisjon.</p>  |

### Luster – ein god stad å besøkja

|                 |  |
|-----------------|--|
| Utviklingstrekk | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er god breidde i tilbod og opplevingar. Luster har mange spesielle verksemdar innafor både overnatting og servering. Fleire verksemdar med lang og interessant historie og høg kvalitet på service og mat og drikke.</li> </ul> |
|-----------------|--|

|              |  |
|--------------|--|
|              | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Luster har både campinganlegg, hytteanlegg, gjestehus og hotell. Tilbod som høver dei fleste</li> <li>• Luster har sterke kulturhistoriske opplevingsprodukt og eit mangfald av tilbod om aktivitet i naturen.</li> <li>• Både kulturen og naturen i Luster er i internasjonal toppklasse.</li> </ul>   |
| Utfordringar | <ul style="list-style-type: none"> <li>• auka lønnsemd særleg i lågsesongen, dvs i arbeidet med å utvide sesongane</li> <li>• infrastruktur – vanskeleg å nå produkta våre utan eigen bil</li> <li>• Rekruttere nøkkelarbeidskraft som td kokkar i sesongverksemdene</li> <li>• leggja til rette for auka satsing på aktivitet- og opplevingssturisme innan natur og kultur</li> <li>• auka kunnskap om digital marknadsføring og sal hjå verksemdene</li> </ul> |
| Strategiar:  | <ul style="list-style-type: none"> <li>• me skal leggja til rette for at det vert god kvalitet på besøksnæringa i Luster</li> <li>• me skal leggja opp til å auka kompetansen hjå verksemdene innafør kritiske område</li> <li>• me skal delta i finansiering av utviklingsprosjekt innafør reiselivet</li> <li>• me skal vera attraktiv å besøkja for folk i regionen</li> </ul>  |
| Planbehov    | Det er ikkje eigne kommunedelplanar knytt til besøksnæringane. Idrett og friluftspan tek opp tema som er relevante og viktige for næringa. Utfordringar knytt til dette området vert elles teke opp som tema i samfunnsdelen   |

## 4.2 Arealdelen

| Arealdelen      |  |
|-----------------|--|
| Utviklingstrekk | Gjeldande arealdel vart vedteken i mars 2015. Det vart gjennomført grundige prosessar med bygdemøte, innspel og to utleggingsrundar. Administrativt vart det lagt ned eit stort arbeid i form av digitalisering og forma på plandokumenta. Gjeldande arealdel skal vera førande for den reviderte.   |
| Utfordringar    | For Luster kommune er det viktig til ei kvar tid å ha nok tomter til å dekkja etterspurnad til både bustader og næringsbygg i alle bygder. I løpet av 2016 vert det god auke i tilgang på byggeklare tomter. I kommunesenteret Gaupne er aktuelle utbyggingsområde dyrka mark. Det må difor planleggast for ei høg utnytting av areala. I arealdelen bør det avsettast tilstrekkeleg areal til bustader som dekkjer behovet i 12 år framover, og det må vera ei klar linje vidare til regulering og opparbeiding for kommunale felt for at det heile tida skal vera tilbod om byggeklare tomter. |
| Strategiar      | Strategiane for samfunnsdelen vert også lagt til grunn for arealdelen.   |
| Planbehov       | Arealdelen skal vera førande for arealplanlegginga i Luster kommune og skal reviderast i si heilheit. Viktige fokusområde i komande arealdel vert: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Bustadareal</li> <li>- Næringsareal</li> <li>- Risiko og Sårbarheit (ROS)</li> </ul>   |

## 4.3 Kommunedelplanar

Kommunedelplanar skal reviderast kvart 4. år. Dette kan gjerast anten ved ein fullstendig eller mindre gjennomgang. Eit alternativ er ei stadfesting av at gjeldande plan evt med ein revidert handlingsplan.

Fleire vedtekne planar i Luster kommune er å rekna som handlingsplanar / fagplanar (sjå vedlegg) som ikkje føreset offentleg ettersyn og/eller politisk handsaming i samsvar med PLBL. I vidare arbeid

vert det lagt vekt på å skilja mellom dei ulike plantypene som skal handsamast av kommunestyret – og dei som er reint administrative planar innafor ulike fagområde.

- a) kommunedelplanar som føreset ei handsaming heimla i PLBL
- b) plantema som andre lover føreset vert handsama i kommuneplanen

#### Revisjon – stadfesting av planar

Revisjon av planar inneber ei fullgjennomgåing og at planen vert revidert og utforma på nytt. Stadfesting inneber at vedteken plan vert vidareført for ein ny planperiode på 4 år. I båe tilfella kan handlingsplanen anten vidareførast eller utarbeidast nytt.

#### 4.3.1 Revisjon og vidareføring av gjeldande planar:

| <b>Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2016 – 2027</b> |  |
|---|--|
| <b>Målsetjing</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Å få fleire av innbyggjarane i Luster kommune fysisk aktive</li> <li>• Fysisk aktivitet betrar helsa og aukar trivselen.</li> </ul>   |
| <b>Planen er viktig</b>   | <ul style="list-style-type: none"> <li>• som politisk og administrativt styringsreiskap</li> <li>• som bakgrunn for søknader om statstilskot</li> <li>• når det gjeld sikring av areal</li> <li>• som bakgrunn for søknader om kommunalt tilskot</li> <li>• for arbeid i lag og organisasjonar</li> <li>• Kva er gjennomført / ikkje gjennomført ut frå politiske vedtak og økonomiplan</li> </ul> |
| <b>Premissar</b>  | Føresetnad for å søkja og få tildelt statlege tippemidlar til anleggsutbygging   |
| <b>Evaluering og vidareføring</b>                               | Planperioden som er 2016 – 2027, syner anleggsutbygging fram til 2019. Handlingsprogrammet kan rullerast årleg, eller når det er nødvendig i forhold til budsjett- og søknadsrutine. Sjølve planen har revisjon i kvar periode (ca kvart 4. år).   |

| <b>Kommunal plan for trafikktrygging 2016 – 2027</b> |  |
|--|--|
| <b>Målsetjing</b>                                    | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Målet er at talet på trafikkulykker i Luster kommune vert redusert. Plan for trafikktryggleik er først og fremst eit planverktøy.</li> <li>• Mange tiltak verkar inn på samferdsla og trafikktryggleiken i kommunen. Nemnast kan lokalisering og utforming av nye bustadfelt, lokalisering av bygg med mange besøkjande og utforming av tilkomsten til desse, planlegging av nye vegar, drift og vedlikehald av eksisterande vegnett og politiske prioriteringar og løyvingar som gjeld desse tiltaka.</li> </ul> |
| <b>Premissar</b>                                     | Føresetnad for å søkja og få tildelt fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar  |
| <b>Evaluering / vidareføring</b>                     | Planen bør reviderast  |

| <b>Plan for lokale kulturhus 2016 – 2027</b> |  |
|--|--|
| <b>Målsetjing</b>                            | Alle bygder og større grender skal ha tilgang til eit lokalt kulturhus i nærområdet. Nærområdet vert definert som maks 4 km frå sentrum av grenda. Det lokale kulturhuset skal dekkja grenda sitt behov for forsamlingslokale.   |
| <b>Delmål</b>                                | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei prioriterte kulturhusa skal ha tilfredsstillande standard og opne opp for breidde i aktivitet og bruksområde. Kulturhus med eit snevert bruksområde eller brukargruppe vil ikkje verta prioritert.</li> <li>• Eigarane av prioriterte kulturhus må ha klare planar for framtidig drift, vedlikehald og bruk.</li> <li>• Det er eit mål i denne planen å ha fokus på aktivitet og fleirbruk.</li> </ul> På stader der det i dag både er kommunalt og privateigd kulturhus som kan nyttast til same |

|                                  |  |
|----------------------------------|--|
|                                  | formål/aktivitet, kan det ikkje gjevast kommunal stønad til drift og vedlikehald av det privateigde kulturhuset. |
| <b>Evaluering / vidareføring</b> | Planen er under utarbeiding med vedtak i 2016/2017   |

| <b>Forvaltning av kulturminne 2016 – 2027</b> |   |
|---|---|
| <b>Arbeidsmål</b>                             | laga ein plan som legg grunnlag for i større grad å bruka og forvalta kulturminne som miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskapar. Dette inneber at forvaltning av kulturminne skal knytast til ein bevarings- og utviklingsstrategi der også spørsmål om ressursar og organisering av arbeidet må vera eit sentralt tema. Sentrale mål: <ul style="list-style-type: none"> <li>• å bruka kulturarven i ein strategi for lokal verdiskaping og innovasjon</li> <li>• å utvikle og spreie kunnskap om kulturarven som ressurs</li> <li>• å bruka kulturarven til beste for befolkning, næringsliv, lokalsamfunn</li> <li>• å leggja vekt på kopling mellom kulturminne, friluftstiltak og fysisk aktivitet</li> <li>• bærekraftig bruk av kulturminna og kulturmiljøa der ein også tek omsyn til deira tolegrense</li> </ul> |
| <b>Evaluering / vidareføring</b>              | Oppstart av revisjon varsla november 2011. Forventa vedtak vinter 2013  |

| <b>Kommunedelplan for småkraftverk, 2007.</b> |   |
|---|---|
| <b>Målsetjing</b>                             | Vise kva moglegheiter og ressursar det er i Luster kommune når det gjeld vasskraft, kva andre interesser som vert råka og som det må takast omsyn til og kva utfordringar som må løysast i fellesskap for å realisere desse ressursane. |
| <b>Evaluering / vidareføring</b>              | Planen vert stadfesta ved revisjon av samfunnsdelen   |

| <b>Kommunedelplan for avløp, 2016 – 2027</b> |  |
|--|--|
| <b>Overordna mål</b>                         | Planen har som hovudfremål å gje gode løysingar for innsamling, reinsing og utsepp av avlaupsvatn i heile Luster kommune.  |
| <b>Hovudmål</b>                              | <i>Overordna mål:</i> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Få oversikt over nosituasjonen i heile kommunen og setje opp kva tiltak som må prioriterast i neste periode.</li> <li>• Alle avløpsanlegg i Luster kommune skal vere driftssikre</li> <li>• Kommunalt avløpssystem skal vere rusta til å møte utfordringane knytt til auka årsnedbør og auka frekvens og intensitet av ekstremnedbør.</li> <li>• Tilknytingsgrad skal der det ligg til rette for det aukast.</li> <li>• Dei store verdiane som ligg i reine sjø- og ferskvassressursar skal takast vare på.</li> <li>• Resipientane i Luster kommune skal tilfredsstille miljømåla som vert fastsett i regional plan for vassforvaltning (planlagd vedteken i 2015).</li> </ul> |
| <b>Evaluering / vidareføring</b>             | Planen bør reviderast  |

| <b>Kommunal plan for vassforsyning 2016 – 2027</b> |  |
|--|--|
| <b>Målsetjing</b>                                  | Alle i Luster skal til ein kvar tid ha tilgang på nok drikkevatt av god kvalitet   |
| <b>Delmål</b>                                      | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvalitet: Luster kommune skal levere drikkevatt som tilfredsstillar krava i dei drikkevassforskriftene som til ei kvar tid gjeld</li> <li>• Mengde og trykk: Abonentane skal sikrast nok vatn med tilfredsstillande trykk</li> <li>• Tilknytingsgrad: Ny busetnad innafors forsyningsområdet til dei kommunale vassverka skal knytast til offentleg</li> <li>• Tryggleik: Alle abonnentar skal sikrast mot avbrot i vassforsyninga utover 24 timar</li> <li>• Økonomi: Dei kommunale gebyra skal vere sjølvfinansierande</li> </ul> |
| <b>Evaluering / vidareføring</b>                   | Planen bør stadfestast.  |

## 5. KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 – 2020 – Luster kommune

Luster kommune skal ha ein kommuneplan som består av ein arealdel og ein samfunnsdel.

Arealdelen skal vera felles for heile kommunen. I tillegg skal kommunen også ha tematiske kommunedelplanar som gjer nærare greie for viktige oppgåver kommunen skal løysa.

Kommunedelplan er plan som fylgjer prosessar jfr PLBL kap 11.

Oppbygging og form på gjeldande plan skal vidareførast i revidert plan. Dette inneber at tema som er fokus på i gjeldande plan vert vidareført i komande plan. I tillegg vert nye viktige oppgåver med utgangspunkt i overordna føringar trekt inn.

### Samfunnsdelen

#### Generell del:

- I Visjon og verdigrunnlag
- II Fokusområde:
  - A Luster – ein god stad å bu
  - B Luster – ein god stad for bedrifter
  - C Luster – ein god stad å besøkja

### Arealdelen

Arealdelen skal rullerast og kommunen vil prioritera følgjande tema:

- Bustadareal
- Næringsareal
- Risiko og Sårbarheit (ROS)

#### Tematiske kommunedelplanar:

Det er eit mål at kommuneplanen skal omfatta dei viktigaste utviklings/satsingsområda til kommunen i komande 4-årsperiode. Omfanget av tematiske kommunedelplanar er avgrensa til å gjelda planar som vert handsama jfr reglane i PLBL (jfr §§ 11-2, 11-12 og 11-15). Andre planar er definert som «Fagplanar ...» (sjå vedlegg)

Sektorviser planar for ulike forvaltningsområde fastsett i kommuneplanen skal heita "Kommunedelplan for ..... (tema)".

#### Gjennomgåande tema:

Kommuneplan/kommunedelplanar for Luster skal vektleggja desse oppgåvene som gjennomgåande tema:

- Folkehelse
- Busetjing og integrering med vekt på norsk språk og kunnskap om det norske samfunnet, utdanning og arbeid, integrering (kultur og fysisk aktivitet), bustadplanlegging
- Bærekraftig utvikling og grønt skifte med vekt på naturmangfald, klima, ureining og energi
- Risiko og sårbarheit (ROS)

Desse tema skal også vektleggast i fagplanane.

**Kommunedelplanar som skal vidareførast / utarbeidast i planperioden:**

| Plan   | Siste revidert / vedt | Ny / revisjon* | Stadfesting** |
|--|-----------------------|----------------|---------------|
| Kommuneplan – samfunnsdel                                | 2013                  | 2017           |               |
| Kommuneplan – arealdel                                   | 2015                  | 2018           |               |
| Kommunedelplan - Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv | 2016                  | 2020           |               |
| Kommunedelplan – Kulturminne                             | 2000                  | 2016           |               |
| Kommunedelplan – Trafikktrygging                         | 2015                  | 2019           |               |
| Kommunedelplan – Avløp                                   | 2015                  |                | 2019          |
| Kommunedelplan – Vassforsyning                           | 2011                  |                | 2016          |
| Kommunedelplan – Lokale kulturhus                        | 2010                  | 2016/17        | 2020          |
| Kommunedelplan – Småkraftverk                            | 2007                  |                | 2017          |

\* Planen vert gjennomgått og retta opp og ny handlingsplan vert utarbeidd

\*\* Gjeldande plan vert vidareført. Dette vert stadfesta i kommuneplanen



## Vedlegg – oversikt fagplanar

### Beredskap, Risiko- og sårbarheit

| Plan                     | Vedteken | Kommentarar | Framdrift | Ansvar  | Heimel |
|--------------------------|----------|-------------|-----------|---------|--------|
| Overordna Ros-analyse    | 2014     |             |           | Rådmann |        |
| Overordna Beredskapsplan | 2015     |             |           | Rådmann |        |

### Oppvekst og fritid

| Plan   | Vedteken | Kommentarar                                       | Framdrift                                 | Ansvar   | Heimel |
|--|----------|---|---|----------|--------|
| Kommunal utviklingsplan barnehage og skule       | 2015/16  | Gjeld til 2019                                    | Presentert for kommunestyret hausten 2015 | Oppvekst |        |
| Kommunal plan for tilpassa opplæring             | 2016     | Gjeld til 2019                                    | Presentasjon for kommunestyret haust 2016 | Oppvekst |        |
| Kommunalt skyssreglement                         | 2016     |   | Presentasjon for kommunestyret vår 2016   | Oppvekst |        |
| Kommunal leseplan for skule og barnehage.        | 2014     | Gjeld til 2017.                                   | Fortløpande revisjon.                     | Oppvekst |        |
| Plan for skule-fritidsordning Ny plan 2015 -2019 | 18.06.15 | Revisjon/ fornying av plan. Endring av vedtekter. | Høyring nov. 2014.                        | Oppvekst |        |
| Plan for entreprenørskap i grunnskulen.          | 18.06.09 | Gjeld enno.                                       | Revisjon 2015                             | Rådmann  |        |

### Helse og sosial

| Plan   | Vedteken  | Kommentarar                            | Framdrift                                  | Ansvar             | Heimel             |
|--|-----------|--|--|--------------------|--------------------|
| Ruspolitisk handlingsplan 2012– 2015. Ny plan 2016-2019. | 24.05.012 | Plan vert justert for kvar valperiode. | Oppstart haust 2015. Vedtak tidleg i 2016. | Helse/ Servicetorg | Alkohollova § 1-7d |
| Bustadsosial handlingsplan for åra 2015 - 19.            | 05.03.15  |  |  | Rådmann            |                    |
| Helse- og omsorgsplan for 2010 – 2021.                   | 24.09.09  |  |  | Rådmann            |                    |

**Landbruk og natur**

| Plan  | Vedteken   | Kommentarar   | Framdrift                         | Ansvar  | Heimel   |
|---|------------|---|-----------------------------------|---|--|
| Plan for forvaltning av fiske 1997  | 13.12.96   |   | Oppstart 2017                     | Landbruk og naturforvaltning                      |  |
| Tiltaksstrategi for SMIL/nærings- og miljøtiltak skogbruk   | 16.08.08   | Ny strategi må tilpassast forskriftsendring   |                                   | Landbruk og naturforvaltning                      | Forskrift for SMIL-midlar krev tiltaksstrategi |
| Plan for forvaltning av hjortevilt  |            | Alle kommunar skal ha slik plan   | Ferdig 2016                       | Landbruk og naturforvaltning                      | Viltlova                                       |
| Hovudplan for skogsvegar  | 2013       | Plan for 10-års perspektiv  |                                   | Landbruk og naturforvaltning                      |  |
| Forvaltningsplan for verneområde:<br>- Loi<br>- Bargarden<br>- Ytamoen<br>- Luster Vestre Statsallmenning |            |   | Under arbeid, ferdigstilling 2016 | Landbruk og naturforvaltning                      | Forskrift for verne-områda                     |
| Forvaltnings-plan for Drægnismorki/ Yttrismorki naturreservat   |            | Verneområde under oppretting. Kommunen vil få forvaltningsansvaret, og det er venta at verneforskrifta krev forvaltningsplan. | Oppstart 2017                     | Landbruk og naturforvaltning                      | Verne-forskrifta                               |
| Kjerneområde landbruk og kulturlandskap   |            | Tidlaus, men skal justerast for område som er nytta til andre føremål   | Ferdig januar 2018                | Landbruk og naturforvaltning - samarbeid med plan | Grunnlag for revisjon av arealdel              |
| Beredskapsplan ved akutte rovviltskader.  | 30.05. 02. |   | Gjeld enno                        | Landbruk og naturforvaltning                      | "Tidlaus" plan, blir oppdatert årleg.          |

**Strategi og plandokument jfr. kommuneplanen sin samfunnsdel**

| Plan   | Vedteken | Kommentarar  | Framdrift<br>Oppstart/<br>vedtak | Ansvar                  | Heimel                          |
|--|----------|--|----------------------------------|-------------------------|---------------------------------|
| Strategi for anlegg og vedlikehald av alle offentlege park/grøntområde |          | Stimulera fellesorgan som bygde- og grendelag til å utvikla aktuelle uteområde, og premiera lokale initiativ til opprydding og opprusting av sine nærmiljø | 2016/17                          | Eigedom / Teknisk drift | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Gjennomgå kommunen   |          | Samarbeid med bygdelaga  | Er starta                        | Eigedom /               | Kommune-                        |

| Plan  | Vedteken  | Kommentarar  | Framdrift<br>Oppstart/<br>vedtak                       | Ansvar            | Heimel                          |
|---|-----------|--|--|-------------------|---------------------------------|
| si drift av samfunnshus og private forsamlingshus   |           |  | opp.   | Kultur            | plan – samfunnsdel (KPS)        |
| Strategi for integr. av arbeidsinnvandrarar og flyktningar 2015-2019  | 05.03.15. | Samarbeid med brukarrepr., frivillige lag og organisasjonar  |  |                   | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Utarbeida ein strategi for framtida sitt kulturliv i Luster   |           | Fokus på:<br>a. Kulturskolen<br>b. Samarbeid mellom organisasjonar og bygder<br>c. Regionalt samarbeid i indre Sogn, regionale tilbod.<br>d. Bibliotektilbod for framtida  | Er starta opp.<br>Er starta opp.<br><br>Er starta opp. | Kultur            | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Gjennomgå grunnlagsdokument for næringsaker / landbrukssaker i kvar valperiode  |           |  | Februar 2014.  | Næring            | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Utarbeida ein regional strategi som trekkjer opp rammene for samarbeidet i Sogn Regionråd sitt område.  |           | Viktige nye tema er; kulturelt samarbeid, folkehelse, PPT, landbruk, teknisk drift/forvaltning, viltforvaltning (jakt)   | Arbeid i gang.   | Sogn Regionråd    | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Utarbeida heilskapelege arealplanar / planar for skogbruket   |           |  | Kontinuerleg arbeid.                                   | Landbruk          | Kommuneplan – samfunnsdel (KPS) |
| Etablera ein «KTP-Luster» (Kommunal TransportPlan – Luster) som grunnlagsdokument for kommunen si satsing og prioritering på offentleg transport/og kommunikasjonsnett i kommunen |           | Fokus ;<br>- Fylkesvegar<br>- Kommunale vegar<br>- Private vegar - tilskotsordningar<br>- Gang- og sykkelveg<br>- Veglys<br>- Parkeringsplassar i utfartsområde<br>- Ferjedrift<br>- Anlegg for drivstoff-fylling for småbåtar | Oppstart 2016.   | Eigedom           |                                 |
| Utarbeida ein strategi for kommunen si satsing på fellesgoder i   |           | Vektleggja på:<br>a. Omfang av tilrettelegging i turområde   | 2015/16  | Landbruk / næring | KPS. Jfr erfaringar frå         |

| Plan                | Vedteken | Kommentarar  | Framdrift<br>Oppstart/<br>vedtak | Ansvar | Heimel       |
|---------------------|----------|--|----------------------------------|--------|--------------|
| besøksnæringane med |          | /tilretteleggingsgrad<br>b. Prioriterte<br>satsingsområde –<br>oppgåver og ansvar<br>c. Samhandling med andre<br>aktørar |                                  |        | «Naturarven» |

**Regionale planar og andre planar som kan påverke utvikling/arealbruk i Luster.**

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021 er i vedtaksfasen (pr. 30.10.2015). Planen skal leggjast til grunn i kommunal planlegging, og får konsekvensar for kommunen sine prioriteringar særleg når det gjeld ureining, vatn og avløp, samt tekniske inngrep i vassførekomstane våre.

Luster kommune er med i ByR- fase 2 prosjekt i lag med Sogndal og Leikanger. Samanhengar i bu- og arbeidsområde, innovasjon, sikring av offentlege arbeidsplassar i regionen og aktivitetsbasert reiseliv er prioriterte satsingar i det plan- og prosjektarbeidet.

Regional plan for Ottadalen villreinområde er ute på tredje gongs høyring ( pr. 30.10.2015). Planen skal implementerast i kommunen sitt planarbeid, og får konsekvensar for dei delene av kommunen som inngår i villreinen sine leveområde.

Eit strategidokument «Tryggingstrategi for Nigardsbreen», er under utarbeiding og vil verta ferdig kring årsskiftet. Dokumentet er eit fellesarbeid med reiselivsaktørar, naturoppsyn og politi